



**Suksessen med skalldyraften - eller kanskje rettare skaldyrkveld - på Systrene Nilsen på torsdagane held fram og forsterkast. I kveld har det igjen vore fullt hus eller 120 på vertshuset og daglg leiar Karoline Neset fortel at det er nesten fullt på torsdagane heilt fram til 25. juli. Neste torsdag er det ikkje mange plassar ledige.**

Også i kveld har gjestane kome nærsagt frå heile Kvinnherad og Karoline tolkar den store oppslutnaden som eit teikn på kvalitet.

Og ho nølar ikkje med å gje Morten Nilsen mykje av æra for suksessen - han starta med desse kveldane allereie i forfjor og har heile tida vore oppteke av å halda ein høg standard.

Ein gjest med lang erfaring i denne bransjen er einig i synspunktet på kvalitet og held fram at Systrene Nilsen no ligg i spissen i Kvinnherad på dette området. Han priser både rekene, dei andre skaldyra og suppa.

tekst og foto: Ola Matti Mathisen